

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 19.10.2016  
Sakhandsamar: **Halfdan Brandtzæg**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per september 2016**

**Arkivsak**

2016/691

**Styresak 055/2016**

**Styremøte 28.10.2016**

---

## Framlegg til vedtak

Rapportering frå verksemda per september 2016 vert teken til vitande.

## Rapportering fag

### Ventetid ventande

Ventetid for dei ventande på 43 dagar i september, og ligg langt under september 2015 då den var 64 dagar. Restgruppa av tidlegare uprioriterte pasientar har fått time og er no avvikla.

### Tal på ventande

Samla tal ventande pasientar er 4566. Dette er opp noko frå førre månad, men ei klart handterleg mengde.

### Ventetid for starta behandling

56 dagar i september, og uendra frå august.

### Fristbrot samla (ubehandla/behandla)

Samla sett er det i august registrert 20 fristbrot (1 prosent) noko som er opp frå tidlegare, og må ha stadig merksemd.

### Langtidsventande 365 dagar+

Her er det no ingen pasientar i september, men gruppa med over 180 dagar har auka litt til 79 stk.

### Direkte timetildeling

89 prosent for første time, som er uendra frå førre månad. Delen oppfølgingstimar har auka til 70 prosent.

### Andel ikkje møtt

Litt auke her i andre tertial 2016. Dette gjeld for alle føretaka i Helse Vest.

### Epikrisetider

Epikrisetider innan sju dagar i somatisk del var 92 prosent i september, og tilsvarande 69 prosent for første dag. Sistnemde er litt ned.

Psykisk helsevern har 98 prosent for sju dagar, og 48 prosent for første dag.

### Korridorpasientar

Talet er lågt i september med samla sett 4 stk. (0,07 prosent). Berre kirurgisk klinikk har slike i september.

### Utskrivingsklare pasientar

30 slike i september, tre ulike kommunar står for desse.

### Stryking av planlagde operasjonar

Litt opp i september med 4 prosent.

### Beleggsprosentar

Samla sett ligg denne på 71 prosent i september med variasjon mellom 33 og 123 prosent.

### Direkte timetildeling

	jul.15	nov.15	jan.16	apr.16	aug.16	sep.16
HELSE BERGEN HF	70 %	86 %	85 %	83 %	88 %	85 %
HELSE FØNNA HF	75 %	84 %	84 %	88 %	86 %	85 %
HELSE STAVANGER HF	71 %	90 %	90 %	88 %	91 %	89 %
HELSE FØRDE HF	68 %	90 %	93 %	93 %	91 %	92 %
KIRURGISK KLINIKK (100315)	73 %	86 %	91 %	92 %	87 %	89 %
MEDISINSK KLINIKK (105240)	62 %	95 %	96 %	96 %	97 %	98 %
PSYKISK HELSEVERN	66 %	86 %	78 %	81 %	79 %	70 %

## AKTIVITET

### Somatikk

Somatikk	Perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng pasientar tilhøyrande eigen region, (A)	2 164	2 316	(152)	2 370	(206)	18 541	19 339	(799)	19 136	(595)
DRG-poeng pasientar tilhøyrande andre regionar - fakturering av gjestepasientar, (B)	57	56	1	50	7	433	473	(40)	476	(43)
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 221	2 372	(151)	2 420	(199)	18 974	19 813	(839)	19 612	(638)
DRG-poeng pasientar beh andre regionar	129	159	(30)	187	(58)	1 375	1 423	(48)	1 651	(276)
Sum drg-poeng eigne pasientar	2 293	2 475	(182)	2 557	(264)	19 916	20 762	(846)	20 787	(871)
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	364	398	(34)	384	(20)	3 131	3 151	(20)	3 084	47
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 065	1 097	(32)	1 111	(46)	8 808	9 254	(446)	9 159	(351)
Tal sjukehusopphald	1 509	1 706	(197)	1 737	(228)	13 499	14 326	(827)	14 516	(1 017)
Tal polikliniske konsultasjonar	10 810	11 169	(359)	11 439	(629)	94 609	90 042	4 567	90 717	3 892

#### Perioden

Aktiviteten i perioden var 6,3 prosent lågare enn førre året, målt i tal behandla pasientar. Samla DRG-produksjon i føretaket i perioden er 8,2 prosent lågare enn året før. Samla har dei somatiske klinikkane hatt lågare tal dagbehandlingar og døgnopphald enn planlagt. I september var og den polikliniske aktiviteten lågare enn budsjet.

#### Til no i år

Akkumulert ligg aktiviteten 839 DRG-poeng etter budsjetten (- 4,2 prosent). Vi ligg 3,3 prosent bak fjorårsproduksjonen målt i tal DRG-poeng (638 poeng), men har ein auke på 2,2 prosent frå førre året målt i tal pasientar. Veksten skjer i polikliniske konsultasjonar. Dagkirurgi/dagopphald har ein nedgang på 3,8 prosent mot fjoråret (351 pasientar). Mellom anna er det gjennomført færre dialysebehandlingar. Poliklinisk aktivitet er 4,3 prosent høgare enn fjoråret (3892 konsultasjonar). Vi har 1017 færre heildøgnsopphald enn førre året (- 7,0 prosent).

### Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 508	1 393	115	1 460	48	14 199	12 231	1 968	13 014	1 185
Tal utskrivne pasientar	105	92	13	71	34	902	784	118	759	143
Poliklinisk dagbehandling	41	104	-63	39	2	276	938	-662	284	-8
Polikliniske kons. m/refusjon	2 169	2 074	95	2 235	-66	17 957	16 911	1 046	17 217	740
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	627	624	3	576	51	5 819	5 498	321	5 461	358
Tal utskrivne pasientar	19	13	6	21	-2	139	102	37	137	2
Polikliniske kons. m/refusjon	300	276	24	270	30	2 373	2 283	90	2 345	28
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	83	118	-35	86	-3	694	945	-251	929	-235
Tal utskrivne pasientar UPH	10	5	5	6	4	72	44	28	82	-10
Polikliniske kons. m/refusjon	1 653	1 557	96	1 723	-70	13 007	12 022	985	13 281	-274

#### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)


God aktivitet i september. Akkumulert ligg vi høgare enn både budsjetten og førre året.

Innanfor rus har vi høg aktivitet målt mot både budsjetten og fjoråret.

#### Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Tal heildøgnsopphald er lågare enn budsjetten og førre året.

Det er færre polikliniske konsultasjonar enn fjoråret, men vi har høgare aktivitet enn budsjetten for 2016.



Belegget i perioden og dei siste 12 månadene er som synt i grafen over.

## ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	176 450	176 450	0	1 421 799	1 421 799	0
Inntekter pasientbehandling	56 754	59 669	-2 914	472 980	497 197	-24 217
Øyremerka tilskot	3 510	3 325	185	26 897	29 521	-2 624
Andre driftsinntekter / Eigenandelar	13 898	13 034	864	116 859	113 781	3 078
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>250 613</b>	<b>252 478</b>	<b>-1 865</b>	<b>2 038 535</b>	<b>2 062 298</b>	<b>-23 763</b>
Kjøp helsetenester	11 540	12 293	-753	100 247	110 637	-10 389
Varekostnad	25 921	24 123	1 798	212 693	206 657	6 037
Innleige personell	2 636	2 790	-154	19 268	18 464	803
Personalkostnader	135 337	138 137	-2 800	1 094 115	1 093 622	493
Pensjonskostnad	25 738	25 721	17	210 133	210 116	17
Ordinære avskrivningar	7 988	8 429	-441	73 182	75 863	-2 680
Andre driftskostnader	41 133	40 248	885	337 453	340 048	-2 595
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>250 293</b>	<b>251 742</b>	<b>-1 449</b>	<b>2 047 092</b>	<b>2 055 405</b>	<b>8 313</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>320</b>	<b>736</b>	<b>-416</b>	<b>-8 557</b>	<b>6 893</b>	<b>-15 449</b>
Finansinntekter	153	117	36	1 381	1 050	331
Finanskostnader	93	270	-176	1 067	2 693	-1 625
<b>Finansresultat</b>	<b>60</b>	<b>-153</b>	<b>213</b>	<b>313</b>	<b>-1 643</b>	<b>1 956</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>380</b>	<b>583</b>	<b>-204</b>	<b>-8 243</b>	<b>5 250</b>	<b>-13 493</b>

### Perioden

Perioderesultatet er positivt med 380 000 kroner som er 200 000 dårlegare enn budsjett.

Aktivitetsbaserte inntekter var lågare enn budsjett. Kostnadene til medikament har vore høgare enn venta. Sjukehusapoteka Vest melde etter at rekneskapen var lukka, at dei ikkje har klart å sende faktura på alt forbruket. Det gjer at desse kostnadene må følgjast nøye framover.

Det har vore lågare personalkostnader enn planlagd. Dels skuldast det at arbeidsgjevaravgift på utbetaling av lønsoppgjeret ikkje kom i september som venta, men vil komme seinare i år. Tal brutto månadsverk var lågare i september enn på same tid i fjor.

### Hittil i år

Aktivitetsbaserte inntekter har så langt i år vore lågare enn venta. Det er ein nedgang i tal innlagde pasientar samanlikna med budsjett og førre år. Helse Førde har sett på pasientstraumane for å sjå om vi kan finne endringar i dei som forklarar nedgangen, utan å finne nokon forklaringar. Det kan sjå ut til at 2015 var eit år med ekstraordinært stort behov for sjukehusstenester.

Når det gjeld kjøp av helsetenester, har det vore lågare kostnader til kjøp av tenester i andre regionar. Dette vert motsvara med auka bruk av Helse Bergen. Helse Førde betaler kvart år for ei viss mengde

behandlinger hos Helse Bergen gjennom finansieringsordninga i Helse Vest. Det er først når det avtalte nivået på behandlingar er nådd, at Helse Bergen fakturerer for behandlingar utover volumet og kostnaden oppstår hos Helse Førde. Dei siste åra har Helse Førde nådd nivået på slutten av året. Det er venta at kostnadene til denne type behandlingar veks kraftig i 2016, og vil vere ein risiko i høve til meld prognose framover.

Kostnadene til medikament aukar. Bilete med dei låge kostnadene til medikament som vi har hatt tidlegare i år, er i ferd med å endre seg. Vidare aukar kostnadene til implantat og anna medisinsk forbruksmateriell meir enn venta. Personalkostnadene verker å vere under kontroll, sjølv om kostnadene til innleige av naudsynt personell har vore litt høgare enn planlagt. Dette gjeld særleg innleige av legar. Kostnader til overtid og ekstrahjelp har og vore høgare enn venta.

Låg rente og lite bruk av driftskreditten gjev eit betre finansresultat enn venta.

### Likviditet


Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 300 millionar. Per 1. oktober hadde Helse Førde ei positiv saldo på 2,5 millionar.

### Prognose

Store årsoppgjærpostar vil kunne påverke resultatet. Ein vil orientere nærare om dette i styremøtet, og gi ein vurdering av prognose.


## MEDARBEIDARAR

### Sjukefråvær



Samla sjukefråvær i august var 5,9 prosent mot 6,3 prosent førre år.

### Månadsverk




Brutto månadsverk i september var 2249. Dette er 13 færre enn rapportert for same periode i fjor. Netto månadsverk i mai var 2053. Dette er ti fleire enn rapportert for same periode i fjor.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betalar løn for. (inklusive betalte permisjonar)  
Netto månadsverk er Brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

## Uønska hendinger meldt i avvikssystemet Synergi

Tabell som viser tal melde saker i Synergi, sortert etter sakstype:

Diagrammet viser melde saker i perioden 01.01.16-31.08.16:



### Pasientrelaterte saker:

Grunna infeksjonsfare er det blitt endra rutinar i høve innlegging av kateter ved operasjonar, slik at kateter er sjeldnare brukt enn tidlegare. Det er denne månaden meldt fleire saker som handlar om at pasientane har fått for full blære etter operasjon, før dei har greidd å gå til toalettet sjølve.

### HMS-saker:

HMS-saker er tilfelle der det har vore helse-, miljø- eller sikkerheitsbrot som gjev fare for eller har medført skade for tilsett. Det er i denne perioden meldt saker som omhandlar at tilsette har falle på glatt underlag.

### IKT-/informasjonssikkerheitssaker:

Kan gjelde brot på personopplysningslova og handtering av sensitive opplysningar, anten ved manglar knytt til IKT-system, aktuelle rutinar eller etterleving av desse. Denne månaden er det m.a. meldt om brev som er blitt sendt til feil mottakar.

### Driftssaker:

Driftssaker gjeld hendinger knytt til driftsoppgåver for alle fagområde (administrativ/klinisk). Denne månaden har det vore meldt om at temperaturen i kjølediskar for mat ikkje er låg nok. Det har og vore fleire saker som omhandlar at akuttheisen var ute av drift, og at helsepersonell i akuttsituasjonar blei forseinka fram til pasienten.

### Frekvente hendinger:

Jamlege hendinger vert nytta for meir detaljert oppfølging og særskilt i dei diagnostiske avdelingane i Helse Førde. Denne månaden er det meldt om at utstyr til laboratoriebruk var transportert under feil temperaturtilhøve.

**Forbetringsområde:**

Forbetringsområde er forslag til forbedring, utan at det ligg føre avvik (nokre av desse sakene er feilregistrerte, og inneheld eigentlege avvik). Det er meldt om at pasientar får røyklukt inn på pasientromma, fordi folk røyker ute på sjukehusområdet.

**Klager/NPE (Samhandlingssaker):**

Samhandlingssaker er saker som vedkjem samhandling mellom føretaket og kommunane. Nokre saker gjeld at pasientar blir utskrivne utan at kommunen får beskjed om det, trass i at dei treng oppfølging frå kommunen. Andre gjeld at kommunane meiner at pasientane blir for tidleg utskrivne frå sjukehuset.

**Tilsynsrapport som grunnlag for læring – per 30. september 2016**

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Helse Førde	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Førebels rapport av 01.07.16	2 systemavvik, gjeldande oppstart tid behandling og organisering i mottak.		Om avvika: - Gjennomgang av journalar viser manglar gjeldande start av behandling med antibiotika innan tidsfristar sett i nasjonale faglege retningslinjer og interne prosedyrer. - Leinga har ikkje organisert akuttmottak med tilstrekkelege sjukepleieressursar til rask triagering /prioritet ved stor pasienttilstrøyming.  Endeleg rapport mottatt 8.9.2016. Frist for tilbakemelding 15.10.2016.	

Tabellen ovanfor inneheld systemtilsyn under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre. Heller ikkje tilsyn utan avvik.

Helse Førde har registrert totalt 27 tilsyn og revisjonar i perioden 1.1. – 1.10.2016. Nokre saker er starta opp før 2016.

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan. I tillegg interne eigarrevisjonar frå Helse Vest RHF.

Ni saker gjeld varsel av tilsyn / innhenting av dokumentasjon og opplysningar før eventuelt tilsynsbesøk. 11 saker er registrert avslutta i 2016.

Av opne saker med avvik er der siste månad fire saker, sjå tabell ovanfor. Lærings-/forbetringstiltak er under implementering i alle desse sakene.

**Andre tilsyns- og klageorgan: Oversikt over saker som ikkje er avslutta i perioden.**

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Det Norske Veritas (DNV)	Helse Førde HF	Revisjon miljøstyringssystem ISO 14001 Grønt Sjukelhus, veke 40	Tilsyns-Rapport 05.10.15	3 avvik	Avtalt GAP-analyse vår 16 og tilsynsbesøk Veke 40 2016	Avvika vert følgt opp koordinert ved miljørådgjevar (HR/BHT). Avvika gjeld: 1) Deklarering av farlig avfall, teknisk drift 2) Samsvarserklæring, oppdaterast med tilvising til 2 nye regelverk 3) PCB i vindauge, vurdere skifting el merking  Revisjon frå Teknologisk institutt gjennomført 3 – 7 okt 2016. Ingen avvik. Helse Førde er resertifisert etter ny standard 14001:2015 4 merknader. Merknader må lukkast innan 3 månader for å behalde sertifisering.	Sak lukka ved ny revisjon av Teknologisk Institutt veke 41 2016
Lokale EI-tilsyn v/Sunnfjord Energi	Helse Førde HF	Psykiatrisk klinikk, Førde. Tilsyn av el-anlegg	25.09.2015	1 jordfeil påvist	Løpande, held saka «open», over tid	Rapportmålingar utført av Caverion konkluderer med at dette er ein feil som kjem og går. Sunnfjord Energi er engasjert. Det er sett opp kontrolltiltak i veke 41 2016.	
Arbeidstilsynet	Helse Førde	Ambulansetenesta. Nasjonal tilsynskampanje «Føre var» med særleg fokus på forebygging av muskel- og skjelettplager, tilsyn mai 2011.	19.10.2011 Nytt brev frå Arbeids-Tilsynet av 02.12.15	Det blei gitt 11 pålegg. 10 er lukka, 1 er søkt disp. frå, gjeld arbeidslokale og personalrom på ambulansetastj.	01.01.2016 Ny frist for Sogndal er 31.08.16	Utarbeidd tidfesta handlingsplan sendt til AT 26.06.13, med ulike fristar fram til 01.01.16. Helse Førde har dispensasjon når det gjeld, Selje, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Vik, Høyanger, Lavik, Fjaler og Sogndal.  <u>Status:</u> Forhold er med i bygningsmessig utviklingsplan styrevedtatt i haust -15. Prossessar anbod, anskaffelsar og forhandlingar for Høyanger og Vik. Teke i bruk mellombels lokale Selje. Helse Bergen overtok drift av Gulen 1.9.16. Helse Førde hadde møte med Arbeidstilsynet 12.9.16. Ad Sogndal avventar Helse Førde kommunal handsaming. Arbeidstilsynet (AT) vil bli haldt oppdatert. Når avgjerd frå kommunen ligg føre vurderer AT ny disp. søknad frå Helse Førde. Tilhøva vert rapportert i drift og er tatt inn i HMS-handlingsplan for 2016/2017.	